

Vedtekter for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum, jf Klima- og miljødepartementets delegering av mynde til Miljødirektoratet i brev av 20. oktober 2015, jf. kongeleg resolusjon av 9. oktober 2015, fastsett følgjande vedtekter for verneområdestyret som gjeld frå 1. januar 2020:

1. VEDTEKTENES FØREMÅL

Føremålet med desse vedtektene er å leggje til rette for ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning av dei verneområda styret har ansvar for.

Vedtektene skal sørge for at verneområdestyret skal kunne oppfylle føremålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale plikter.

2. STYRET SIN MYNDE

Dette verneområdet skal forvaltast av eit verneområdestyre, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, innafor ramma av naturmangfaldlova, inkludert lovkapittel II Alminnelege føresegner om bærekraftig bruk, lovkapittel V Områdevern og verneforskrifter for dei einskilde verneområda.

Verneområdestyret er å rekna som ein juridisk person med mynde til å inngå avtaler og ta på seg plikter innafor dei økonomiske rammene som styret disponerer.

3. GEOGRAFISK VERKEOMRÅDE

Verneområdestyret skal ha forvaltingsansvaret for følgjande verneområde:

IID	Områdenavn	Verneform
VV00002748	Naustdal-Gjengedal	Landskapsvernområde

4. VERNEOMRÅDESTYRET SINE MEDLEMMER, OPPNEMNING, SAMANSETJING MV

Samansetjinga av styret skal følgje krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 28.

Verneområdestyret skal ha 3 medlemmer med personlege varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Verneområdestyret vert oppnemnd av Miljødirektoratet etter innstilling frå dei berørte kommunane og Vestland fylkesting.

Kvar kommune skal være representert med eit medlem og innstiller ei kvinne og ein mann blant kommunestyret sine medlemmar. Fylkeskommunen skal være representert med eit medlem frå fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget/fylkesrådet sine medlemmer.

Oppnemningsperioden for medlemmene følgjer valperioden for kommunestyret og fylkestinget.

Verneområdestyret velgjer sjølv sin leiar og nestleiar.

5.OPPRETTING AV ARBEIDSUTVAL

Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret.

Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskrifta i einskildsaker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskrifta.

6. VERNEOMRÅDESTYRET SITT SEKRETARIAT

Sekretariatet for verneområdestyret består av ein eller fleire verneområdeforvaltar(ar) som vert tilsett av Fylkesmannen i Vestland og i dialog med styret. Fylkesmannen har personalansvaret for verneområdeforvaltaren(ane).

6.1 Forvaltar si rolle

Forvaltaren skal i samråd med verneområdestyret sørgje for einskapleg og heilskapleg forvaltning av verneområdet uavhengig av administrative grenser. Forvaltaren sin hovudfunksjon er å vere sekretariat for verneområdestyret og fagleg førebu alle styresaker. Forvaltaren skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvalter området i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskrifta, og følgje forvaltningslova sine føresegner.

Forvaltaren er underlagt styret i forvaltninga av verneområdet. Vedtak forvaltaren fatter ved delegert mynde etter pkt. 6.2 skal gjerast i tråd med naturmangfaldlova, verneforskrifta og eventuell forvaltningsplan. Der det ikkje føreligg godkjend forvaltningsplan skal styret vurderer om det skal gis egne retningslinjer for handsaminga av denne typen saker.

6.2 Styret sin rolle til forvaltar(ane)

Styret kan gje forvaltar(ane) mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsle og motorferdsle.
- Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Styret disponerer forvaltar si arbeidstid. Betalt overtid skal avtalast særskild med fylkesmannen.

6.3 Fylkesmannen si rolle til forvaltar

Ved søknad om permisjon, langtidsfråvær, eller der forvaltar seier opp stillinga si, skal fylkesmannen i dialog med styret kome til semje om korleis forvaltar sine arbeidsoppgåver skal løysast inntil forvaltar er tilbake, eller ny forvaltar er tilsett.

Klima- og miljødepartementet har utarbeida ein eigen instruks for prosessen knytta til tilsetting av verneområdeforvaltar.

7. OM MØTENE I VERNEOMRÅDESTYRET

Kommunelova kap. 6 om sakshandsaming i folkevalde organ skal brukast så langt dei passer, med dei tilpassingar som er fastsett i denne vedtekta. Kommunelova § 40 gjeld tilsvarande.

Styret bør tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer. Leiaren pliktar å kalle inn dersom minst ein tredel av medlemmene ønskjer det.

Varsel om innkalling til møte i verneområdestyret skal skje med 2 vekers varsel. Endeleg innkalling med saksdokumenta skal sendes 1 veke før møtet. Styret avgjer sjølv om det vil ta opp eventuelle saker som vert ettersendt seinare enn dette.

Det skal førast protokoll frå møta. Styreleiar og eit medlem som vert vald ved møtestart, skriv under protokollen. Eventuelle protokolltilførsler må setjast fram i møtet.

Forvaltar si tilråding til vedtak skal gå fram av møteprotokollen.

I dei tilfella der styret sitt vedtak har eit anna utfall enn forvaltar si tilråding til vedtak, må styret si grunngjeving for val av anna utfall kome fram i vedtaket.

For at forvaltningsstyret skal vere vedtaksført må minimum halvparten av medlemmene vere til stade. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst.

8. STYRET SINE OPPGÅVER

Medlemmene av styret skal forvalte verneområda i samsvar med internasjonale plikter, naturmangfaldlova og verneforskriftene for det einskilde verneområdet.

Alle medlemmene i styret har eit felles ansvar for en heilskapleg forvaltning av verneområda kor ivaretaking av verneverdiane og verneførmålet er hovudoppgåva.

8.1 Forvaltingsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltingsplan for verneområdet. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltingsplanen skal utarbeidast innafør ramma av naturmangfaldlova og verneforskrifta. Forvaltingsplanen skal konkretisere korleis ein kan nå føremålet med vernet, og skal innehalde ein fleirårig tiltaksplan og ein besøksstrategi. Utkast til forvaltingsplan skal sendast til direktoratet for fagleg gjennomgang før høyring. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning

Som forvaltningsstyresmakt skal styret ut frå naturmangfaldlova § 33 og verneføremålet i dei einskilde verneforskriftene vurdere behov for og naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltningsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak vert sett i verk på eit kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedteken forvaltningsplan/skjøtelsesplaner.

Styret kan som forvaltningsstyresmakt leggje til rette for at verneområda sitt potensial for verdiskaping utnyttjast innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldlova. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanen som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikkje opptre som næringsaktør, men bør i denne samanhengen innleie til eit samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøksenteret.

Verneområdestyret skal utarbeide årlege prioriteringar av skjøtelses- og forvaltningstiltak i verneområdet i tråd med den fleirårige tiltaksplanen.

Styret skal etablere eit nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Styret vert tildelt midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i henhold til vedtatt forvaltningsplan/skjøtelsesplanar etter søknad til Miljødirektoratet. Tildelingane skjer ut i frå dei budsjettmessige rammene det einskilde året. Verneområdestyret prioriterer bruken av dei tildelte midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjend forvaltnings-/tiltaksplan for verneområdet og andre relevante styringsdokument.

8.3 Avgjerder som styresmakt

Styret har mynde til å treffe vedtak etter verneforskrifta. Styret har også mynde til å gje dispensasjonar etter naturmangfaldlova § 48, jf. § 77 andre punktum.

8.4 Grensemerking og informasjon

Styret har ansvar for at det vert gjennomført naudsynt grensemerking og vedlikehald av merkinga i verneområdet. Merkinga skal utførast etter retningslinjer gjeve av Miljødirektorateti rettleiar om Opprettelse av verneområder (M-481).

Som forvaltningsstyresmakt skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilde informasjonstiltak. Styret er hovudansvarleg for informasjonstiltak og skal utføre dette i samsvar med Miljødirektoratet sin merkestrategi.

Styret har ansvar for at Naturbase er oppdatert inkludert tilvising til gjeldande forvaltningsplan og/med besøksstrategi.

8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskrifta, rapportar og melding til politiet

Styret har som forvaltningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Kopi av melding til politiet/rapport, samt avgjerd frå politiet skal sendast Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktuelt jf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret sende over ein rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.

8.6 Orientering om vedtak

Fylkesmannen i Vestland skal ha tilsendt kopi av alle vedtak fatta av verneområdestyret, verneområdeforvaltaren eller arbeidsutvalet.

Vedtak styret, forvaltaren eller arbeidsutvalet har fatta i medhald av naturmangfaldlova og verneforskriften skal fortløpande registrerast i Miljøvedtaksregisteret.

8.7 Rapportering om forvaltning

Styret har ansvar for årleg å rapportere om forvaltning til Miljødirektoratet og Fylkesmannen etter fastsette maler.

9. RÅDGJEVANDE UTVAL

Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, reindrifta andre offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Verneområdestyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL

For å sikre at forvaltninga av verneområdet blir godt integrert i den kommunale forvaltninga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval med representantar frå administrativt nivå i dei ulike kommunane.

11. TILSYN

Statens naturoppsyn har tilsynsmynde i områda, jf. lov om statleg naturoppsyn.

12. KLAGEADGANG, KLAGEINSTANS OG KLAGEHANDSAMING

Fylkesmannen har klagerett på vedtak fatta av verneområdestyret jf. naturmangfaldlova § 62 tredje ledd siste setning. Elles gjeld dei alminnelege reglane om rett til å klage.

Klage på vedtak fatta av styret, må vurderast/klagehandsamast av styret med mindre det er avtalt at saka kan handsamast av AU/forvaltar.

Dersom det vert klaga på vedtak fatta av AU/forvaltaren etter delegert mynde, skal klagen vurderast/klagehandsamast av styret/arbeidsutvalet før den eventuelt vert sendt over til Miljødirektoratet som endeleg klageinstans.

Miljødirektoratet er endeleg klageinstans for vedtak som styret/ forvalter har fatta som forvaltningsstyresmakt.

13. INSTRUKSJON, TILBAKEKALLING AV DELEGERT MYNDE

Dersom føresetnadene for delegering av forvaltningsmynde vert vesentleg endra, har styret plikt til å informere Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet kan gripe inn gjennom instruksjon, eller eventuelt tilbakekalling av delegert mynde dersom forvaltinga av verneområda ikkje samsvarer med naturmangfaldlova og verneforskriftene.

14. ENDRING AV VEDTEKTENE

Miljødirektoratet kan endre desse vedtektene.